



Blanke ledningar skal bort og vert erstatta med nytt kabelanlegg på Nedre Fet.

**Straumførande ledningar vert lagt i jordkabel frå trafokiosk på Sjøhaugen til Inger Moberg sitt hus på Nedre Fet. Prosjektleiar er Hermann Skromme i Kvinnherad Energi. Byggservice er entreprenøren som er tildelt sjølve arbeidet. Tiltaket vert gjort mellom anna for å bort blanke ledningar.**

Traseen går frå trafokiosken på nedsida av vegen ved Sjøhaugen, over Fylkesvegen, opp og rundt tunet på Nedre Fet, langs vegen framom Elins Matgleder og fram til Moberg sitt hus. Det er lagt kabel inn i tunet til husa ved Kapteinsgården. Alle abonnementane får nytt inntak.

Linja, som no vert erstatta med nytt kabelanlegg, er av eldre dato. Blanke ledningar skal med tida bort over alt. I tillegg tll lågspennten vert det lagt fiber og ei ekstra trekkerøyr.

Mange har også merka seg eit anna arbeid som vert gjort på Nedre Fet for tida. Det er utviding og oppgradering av Sekundærstasjonen, ei sak Uskedalen.no kjem attende til i eige innlegg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Georg Hestad frå Kvinnherad Energi ser til at kabelen vert lagt forsvarleg i dertil eigna sand.